



Sunnfjord
kommune



Overgang mellom avdelingar i Nærleiken barnehage:

Oppstart mars/april:

For barn som skal bytte avdeling startar vi med tilvenning og besøk i den aktuelle avdelinga i mars-april, som regel like etter påskeferien.

Administrasjon gjev påminningar om å starte arbeidet med tilvenning i Pedagogisk leiarmøte. Ansvar for å få gjennomfør besøk ligg hos pedagogiske leiar,

Mai:

Når gruppesamansetning er klare går vi oftare på besøk til den aktuelle avdelinga barnet skal begynne i. Barn som skal på besøk har kjende vaksne med seg frå eiga avdeling.

Pedagogisk leiar skal skrive skjema OVERGANG MELLOM AVDELINGAR, dette skal skrivast for alle som skal bytte avdeling. Vi legg opp til overføringsmøte i juni, juli og august, det er ikkje alltid vi får dette til på grunn av feireavvikling og nyttilsettingar. Då blir desse skjemane viktig!



Sommaren:

Personalet blir sett på som ei bemanning rundt barnet, dette gjeld særleg på sommar når vi setter opp ferieturnus. Nokre gongar får vi til at tilsette kan vere i grupper med barn dei skal ha frå hausten ei veke eller to. Dette er utfordrande å få til. Difor skal tilsette bruke god tid på sommaren til å bli kjend med så mange barn som mogleg av dei ein skal arbeide med frå august.

Ting ein kan gjere:

- Oppsøke barna på uteområdet
- Lage mindre grupper der ein kan ha med barn ein skal ha i avdeling frå hausten
- Ta barn med over i nytt avdelingsrom
- Vere med på tur med gruppa der barnet går
- Vere med under måltid
- Lage til måltid som barnet kan vere med på i ny avdeling
- Helse på foreldre til barnet om ein ikkje har gjort dette før

Ansvar for å legge til rette for dette ligg hos pedagogisk leiar, men alle tilsette har ansvar for å bruke tid på å bli kjent med alle barn.

Overgang ved nytt barnehageår:

Barn som skal begynne i skulen har plass til fredag før nytt barnehageår, nytt barnehageår startar Måndag den veka skulen startar opp. Dette gjer at vi ikkje kan bytte gruppe for barn før Måndag i nytt barnehageår.

Ein kan starte med å laga til plassar fredagen eller siste dagen eit barn er i barnehagen. Barn skal vere med på å ta ned plassar, og finne nye plassar om dette skal skje veka før nytt barnehageår. Det er sårt for eit barn å komme tilbake frå ferie å oppleve å ikkje ha ein garderobeplass, det gjer noko med kjensla av å høyre til og identiteten deira som barnehagebarn